



Vestre Slidre kommune  
Slidrevegen 16  
2966 SLIDRE  
Att.Rigmor Emerense Håheim

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Linn Christin Myhrer Rueslåttén, 61 26 60 59

## Inspeksjonsrapport: Oppfølging av alvorleg avvik ved Vaset reinseanlegg, Vestre Slidre kommune, kontrollnummer 2022.175.I.SFIN

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå kommunen:*

Rigmor Emerense Håheim

*Andre deltakare frå kommunen:*

Rolf Staleng

Bjørnar Hovda

Sigurd Flatmo

Ole Kristian Sørli

Gunnar Røtvei

Einar Tvenge

*Deltakare frå Krüger Kaldnes*

Roar Benjaminsen

Eirik Skjerping

*Deltakare frå Norconsult AS /DiO*

Eystein Begby

*Frå Statsforvaltaren i Innlandet:*

Linn C. Mthrer Rueslåttén

Merethe Kleiven

Tore Pedersen

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå oppfølgingstilsynet med Vestre Slidre kommune 13. desember 2022. Tilsynet vart gjennomført for å fylgje opp alvorlege avvik som ble avdekka ved Statsforvaltarens revisjon med Vaset reinseanlegg i 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Innlandet konstaterer at avvika knytt til overbelastning og brot på reinsekrava ikkje er lukka, men at det systematiske arbeidet det siste året likevel har gjeitt positive resultat.

Avvika er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten, og det systematiske forbetningsarbeidet er omtala under «Andre forhold» på side 5.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Tore Pedersen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Linn Christin Myhrer Rueslåtten  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> VESTRE SLIDRE KOMMUNE LANDBRUK, NÆRING OG TEKNISK ETAT	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974639475	<b>Eigd av:</b>
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.130 - Offentleg administrasjon tilknytte næringsverksemd og arbeidsmarknad	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Vaset reinseanlegg	<b>Anleggsnr.:</b> 3451.0055.01
<b>Kommune:</b> Vestre Slidre	<b>Fylke:</b> Innlandet
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avlaupsnett og -reinsing	
<b>Løyve gitt:</b> 19. desember 2007	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å fylgje opp dei alvorlege avvika som vart avdekkja ved Vaset reinseanlegg ved revisjonen i 2021, kommunens tilbakemelding på desse avvika, samt kommunens framdrift i arbeidet med å sikre at Vaset reinseanlegg ikkje bryt vilkår i utleppsløyve og forureiningslovgivinga.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vestre Slidre kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Vi ber om at Vestre Slidre kommune innan 1. mai 2023 sender Statsforvaltaren ei orientering der ein gjer reie for tiltak som er gjennomført, kva effektar ein har fått av tiltaka, resultat av all prøvetaking i perioden januar – april 2023, og ei beskriving av eventuelle nye tiltak som kommunen vurderer å setje i verk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfinpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Innlandet v/Linn C. Myhrer Rueslåtten.

## 4. Vedtak om gebyr

Vi synar til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 19. oktober 2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utført av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk må Vestre Slidre kommune betale eit gebyr på kr 28 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2

for eindagstilsyn (gjeldande sats i 2022, då gebyret vart varsla). Miljødirektoratet vil sende faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Innlandet (jf. offentleglova).

## 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1**

Verksemda overheld ikkje reinsekrava i utsleppsløyvet for Vaset reinseanlegg

#### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune, pkt. 2.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) §§ 14-10 og 14-13

#### **Kommentarar:**

Vaset reinseanlegg har i mange år hatt problem med å overhalde reinsekrava i utsleppsløyvet. Etter revisjonen i 2021 blei det presisert frå Statsforvaltaren at vi ser på dette avviket som alvorleg og at så lenge reinsekrava ikkje er overhalde vil kommunen være i brot med vilkåra i utsleppsløyvet. Statsforvaltaren er kjend med at Vestre Slidre kommune jobbar iherdig med å løyse problema, men anlegget overheld enda ikkje krava til utslepp og er dermed fortsatt i brot med utsleppsløyvet.

### **Avvik 2**

Vaset reinseanlegg tilførast for mykje avlaupsvatn

#### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune pkt. 4.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 14.10

#### **Kommentarar:**

Vaset reinseanlegg vert i periodar belasta med meir avlaupsvatn enn det som er satt som maksimal belastning i løyvet (2600 pe). Statsforvaltaren er kjend med at kommunen, i samråd med Krüger Kaldnes, har gjort nye berekningar som viser at teoretisk maksimal belastning på Vaset er noko

høgare enn det som vart lagt til grunn då utsleppsløyvet vart gitt. Man meiner no at anlegget skal kunne handtere ei maksimal belastning på 3200 pe. Dette er fortsatt lågare enn enkelte toppbelastningar på anlegget, det er derfor positivt at kommunen har innført tilknytingsstopp til Vaset reinseanlegg mens ein jobbar med å løyse reinse- og belastningsproblema.

## 7. Andre forhold

Etter revisjonen frå Statsforvaltaren i 2021 har det vore personalombyte i Vestre Slidre kommune. Rigmor Emerense Håheim er ny kommunalsjef for plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling, og Rolf Stalenet ny kommunedirektør. Tidigare var kommunedirektøren også kommunalsjef på vatn og avløp. Dette har ikkje vore hensiktsmessig og er no endra for å sikre ressursar til oppfylging av Vaset reinseanlegg.

Kommunen har i 2022 hatt søkjelys på driftsoptimalisering, kompetanseheving hos driftspersonell og andre involverte i arbeidet med vatten og avløp, og ein betre kommunikasjon mellom leiing og driftsoperatørar gjennom driftsmøter kvar veke. I tillegg er arbeidet med ein ny hovudplan for vatten og avlaup satt i gang og skal leggest fram for politisk behandling hausten 2023.

Leverandør av reinseanlegget, Krüger Kaldnes, har på oppdrag frå kommunen tatt ein grundig gjennomgang av alle prosessane i reinseanlegget. Med bakgrunn i resultatane frå gjennomgangen har ein no, saman med driftsoperatørane, iverksett fleire driftsoptimaliseringar. I tillegg har det blitt utarbeida ulike driftsinstruksar for periodar med normal belastning og periodar med høg belastning. Det er positivt at kommunen no har tett dialog med både Statsforvaltaren, Driftsassistansen i Oppland og Krüger Kaldnes.

Eit anna tiltak som er iverksett for å minske belastninga på anlegget er at all septik inntil vidare leverast til Nord-Aurdal kommune, men dette er ikkje ein permanent løysning. Det er gjort investeringar (tørrestoffmåler) som skal forbetre prosessen ved septikmottak og minske den negative påverkinga av reinseprosessane. I tillegg vil kommunen avgrense septikmottak på Vaset ra til måndagar, tysdagar og torsdagar, når anlegget skal begynne å ta imot septik igjen. Kommunen vil teste ut dette i løpet av våren slik at anlegget er optimalisert og klart til å ta i mot septik igjen frå juli/august. Til tross for desse endringane kan anlegget ikkje ta i mot all septik som oppstår i eigen kommune, og ei avtale med Nord-Aurdal vil måtte vidareførast.

Alle tiltak som så langt er gjennomført har resultert i at reinseanlegget reinsar betre, men ein har fortsatt ikkje nådd målet om stabil reinsing og overholdelse av utsleppskrav ved både låg og høg belastning. Kommunen vil fortsetje å jobbe med driftsoptimalisering utover våren, og håper å kunne dokumentere god effekt av tiltaka gjennom utvida prøvetaking i same periode. Statsforvaltaren fekk ei orientering frå kommunen på nyåret om at anlegget hadde overheldt reinsekrava gjennom jul- og nyttår, og ser fram imot ei orientering om reinseresultatane frå kommande påske. Statsforvaltaren vil ta stilling til vidare oppfylging av Vaset reinseanlegg når vi har motteke orienteringa frå kommunen som har frist 1. mai (sjå punkt 3 *Oppfølging etter inspeksjonen* på side 3).